

VEDLEGG



*Forsknings- og høgare utdanningsministeren*

Stortinget  
Utdannings- og forskningskomiteen  
Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

| Dykker ref | Vår ref  | Dato        |
|------------|----------|-------------|
|            | 24/2403- | 6. mai 2024 |

## **Svar på spørsmål for behandling av Meld. St. 19 (2023–2024) Profesjonsnære utdanningar over heile landet**

Eg visar til komiteens brev datert 26. april.

- 1. Kravet om eksamen i legemiddelregning falt bort med den nye sykepleierutdanningen høsten 2020. I dag er det store variasjoner i hvordan denne kunnskapen vurderes og kvalitetssikres. Komiteen ber om en oversikt over hvilke studiesteder som ikke lenger avholder denne eksamenen eller som ikke lenger har krav om at alle svar er korrekte.*

Forskrift om nasjonal retningslinje for sjukepleiarutdanning har følgande krav til kva kompetanse ein kandidat skal ha i legemiddelhandtering:

*Kandidaten kan planlegge og gjennomføre forsvarlig legemiddelhåndtering, herunder legemiddelregning, og kvalitetssikre den enkelte pasients legemiddelbruk*

Det er opp til institusjonane å sikre at kandidatane har den kompetansen som forskrifa krev. Institusjonane vurderer kandidatane sine på ulike måtar, men alle skal sikre at kandidatane får det læringsutbyttet dei skal ha etter forskrifta. Forsvarleg legemiddelhandtering inneber mykje meir enn korrekt utrekning. Dette visast i korleis studieprogramma er lagt opp, kor legemiddelrekning som regel er ein integrert del av eit større læringsutbytte.

| Institusjon                     | Vurdering av kompetanse i legemiddelrekning   |
|---------------------------------|---|
| Høgskolen i Molde               | Arbeidskrav med prøve i legemiddelrekning der ein må få alt rett.   |
| Lovisenberg diakonale høgskole  | Egen eksamensdel med legemiddelrekning. Studentane skal velje 10 av 11 oppgåver, og svara på alle dei 10 dei vel skal vere riktige.   |
| Nord universitet                | Obligatorisk test i legemiddelrekning der ein må få alt rett.   |
| VID vitenskapelige høgskole     | Obligatorisk test i legemiddelrekning der ein må få alt rett.   |
| Høgskolen i Innlandet           | Eksamens der ein må få alt rett for å bestå.  |
| Høgskolen i Østfold             | Obligatorisk test i legemiddelrekning der ein må få alt rett.   |
| NTNU                            | Studentane ved NTNU tar ein test i legemiddelhandtering kvart studieår, med ein progresjon i vanskelighetsgrad. Første studieår 2. semester, test med krav om 90% rett. Andre studieår 3. semester, test med krav om 90% rett. Tredje studieår 5. semester, test med krav om 100% rett. |
| Universitetet i Sørøst-Norge    | Deleksamen i legemiddelrekning der ein må få 90 % rett.   |
| Høgskulen på Vestlandet         | Eksamens i legemiddelrekning der ein må få alt rett.  |
| UiT Norges arktiske universitet | Skuleeksamen i legemiddelrekning der svara skal oppgis i tekst og utrekningene skal vere 100% rett for å bestå.   |
| OsloMet- storbyuniversitetet    | Eksamens i legemiddelrekning der ein må få alt rett.  |
| Universitetet i Stavanger       | Test i legemiddelrekning inngår som ein eigen del av eksamen der ein må få alt rett.  |
| Universitetet i Agder           | Eksamens i legemiddelrekning der ein må få alt rett.  |

2. *Komiteen ber om en beregning av hvilke tilleggskostnader universitetene og høyskolene vil få til ekstra undervisning og veiledning hvis man senker inntakskompetansen ved å fjerne karakterkrav for opptak.*

Universitet og høgskular har fagleg fridom og ansvar for å sikre kvalitet i utdanningane. Det er dei som skal sørge for at studentane oppnår ønska læringsutbytte. Universitet og høgskular har òg økonomisk sjølvstyre med ei rammefinansiering. Regjeringa har tillit til at institusjonane tilbyr nødvendig undervisning og rettleiing til alle studentar, uavhengig av gjeldande opptakskrav, og at dei finn eigna løysingar ut frå institusjonelle føresetnader. Derfor er det ikkje mogleg å berekne eventuelle kostnader institusjonane vil ha i forbindelse med endra opptakskrav.

3. *Komiteen ber om en vurdering av konsekvensene for forskningskapasitet i profesjonsfagene hvis regjeringen endrer krav til ansettelse og opprykk med større vekt på erfaringeskunnskap og mindre vekt på forskerløpet som kvalifisering.*

Regjeringa foreslår å ta bort krav om forskingserfaring i dosentstigen mens ein beheld kravet om doktorgrad for førsteamansuensis og professor. Forskrifta regulerer eit minimumskrav og institusjonane kan framleis vektlegge forskingserfaring i utlysingar og i interne retningslinjer for kvalifikasjonskrav der dette er relevant. Regjeringa meiner at ein tydelegare skilnad mellom krav i dosent- og professorstigen gir institusjonane større fleksibilitet til å forvalte kapasitet i forskings- og undervisningsfeltet, på ein føremålstenleg måte.

Erfaringeskunnskap er verdifullt og bidreg til relevans både i undervisninga og i forskingsmiljøet. Regjeringa meiner at fagmiljøa og praksisfelta kan koplast tettare saman om ein legg større vekt på verdien av erfaringeskunnskap.

4. *Flere som har gitt komiteen høringsinnspill har uttrykt en bekymring for et A- og B-lag i lærerutdanningen ved dispensasjon fra nivåkravene. Hvordan vil regjeringen sikre lik og høy kvalitet ved alle utdanningsinstitusjoner når det åpnes for dispensasjon?*

Generell studiekompetanse skal kvalifisere for høgare utdanning. Grunngjevinga for å innføre spesielle opptakskrav til lærarutdanningane var mellom anna å sikre at studentane som blei tekne opp hadde betre føresetnader for å fullføre utdanninga. Dette blei ytterlegare aktualisert etter at utdanninga blei løfta til masternivå.

I kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring er det læringsutbyttet frå utdanninga som seier noko om kva kvalifikasjoner kandidaten har. Kandidatane som blir uteksaminerte frå ei lærarutdanning er kvalifiserte yrkesutøvarar, uavhengig av kvalifikasjonane deira da dei blei tekne opp. Dei kan tilsettast i dei same jobbane og i det same lønnssjiktet. Det er inga objektive kriterium som tilseier at ulik inntakskvalitet deler dei i a- og b-lag. Karakterkrav sikrar heller ikkje ei jamn fordeling av dei sterke og mindre sterke søkerane til universitet og høgskular.

Det er uheldig at studieplassar i lærarutdanningane står tomme medan det finst søkerar som ønsker seg til yrket. Ei dispensasjonsordning frå karakterkrava kan bidra til å løyse utfordringar med rekruttering utan at det går utover gjennomføring og kvalitet. Dersom det blir gjeve dispensasjon frå opptakskrava til lærarutdanning, må institusjonane sikre at studentane er i stand til, og har motivasjon til, å gjennomføre masterutdanninga og alle fagstudiar som inngår i den. For å gi dispensasjon stiller regjeringa derfor krav om oppfølgingstiltak for studentar som ikkje innfrir opptakskrava. Tiltaka kan ha ulik utforming. Det kan vere forsterka tiltak i enkeltfag, eller andre tiltak tilpassa føresetnadene til søkerane.

Regjeringa vil ta initiativ til løpende evaluering av ei dispensasjonsordning. Om ein lykkast med å utdanne gode lærarar som ikkje har innfridd nivåkrava, bør ein vurdere å avvikle heile ordninga med nivåkrav.

5. *Rammeplan for ingeniørutdanning er et sentralt verktøy for å sikre likeverdig sluttkompetanse uavhengig av utdanningsinstitusjon. Hvordan vil regjeringen sikre lik kvalitet, kunnskap og kompetanse i ingeniørutdanningene utan en felles rammeplan? Er det mulig å endre rammeplanen slik at den sikrer et minimum av felles krav samtidig som muligheten til lokal tilpasning økes?*

Ingeniøryrket kvalifiserer til jobbar som er svært ulike. Det er éin felles rammeplan for alle dei treårige ingeniørutdanningane. Rammeplanen må vareta store skilnader mellom utdanningane, og han må ikkje stå i vegen for at ein kan endre på utdanningane i takt med teknologiutviklinga. Rammeplanar for høgare utdanning beskriv læringsutbyttet studentane skal oppnå og set rammer for organisering av utdanningane.

Rammeplanstyring skal bidra til likeverdige utdanningar i heile landet. Utviklinga innan teknologi går svært raskt, og endringstakten aukar stadig.

Sivilingeniørutdanningane er ikkje rammeplanstyrte. Styring av fagleg innhald gjennom rammeplanar og retningslinjer kan gjere det meir krevjande å halde utdanningane oppdaterte. Rammeplanar og nasjonale retningslinjer kan òg kome i vegen for at studia held fast på og utviklar ein ønska eigenart. For å ta vare på fleksibilitet i ingeniørutdanningane vil regjeringa sende på høyring eit forslag om å fjerne rammeplanstyringa for dei treårige ingeniørutdanningane. Fagmiljøa er etter regjeringa si vurdering i stand til å møte dei faglege behova, både dei som er felles for utdanningane og dei som er særskilde. Gjennom Universitets- og høgskulerådet lagar fagmiljøa nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanningane, og det kan dei framleis gjere utan ein felles, forskriftsfesta rammeplan.

6. *Komiteen ber om en oversikt over hvor mange som ikke fullførte påbegynt sykepleierutdanning i 1992, 2002 og 2022 (gjennomsnitt/landsoversikt).*
7. *Komiteen ber om en oversikt over hvor mange som ikke har fullført påbegynt sykepleierutdanning i årene 2015, 2019 og 2022, sortert etter studiestad.*

Komiteen ber om ei oversikt over talet på dei som ikkje har fullført sjukepleiarutdanning blant studentar som byrja i 1992, 2002, 2015, 2019 og 2022. For nokre av desse åra ber komiteen om tal sortert etter studiestad. Det er fleire grunnar til at eg ikkje har tal for akkurat dette utvalet. Direktoratet for høgare utdanning ved Database for statistikk om høyere utdanning (DBH) har tal for fullføring blant startkull tilbake til 2008, men ikkje tidlegare. Derfor har vi ikkje tal for 1992 eller 2002. Det er uklart om åra komiteen visar til er dei åra studentane byrja på utdanninga eller dei åra dei skulle vore ferdige om dei fullførte på normert tid. DBHs tal er sortert etter det året dei byrja på utdanninga. Dei som starta på sjukepleiarutdanninga i 2022 har ikkje rukke å bli ferdige med den treårige utdanninga. Å endre 2022 til 2019 gjer det føremålstenleg òg å justere dei andre åra i utvalet. I tillegg skil ikkje den tilgjengelege statistikk mellom ulike studiestader innanfor

same institusjon. Eg forstår komiteen slik at han vil få eit innblikk i utviklinga over tid, og svarer i tråd med det eg oppfattar som komiteens intensjon.

Vedlagt er ei oversikt over a) størrelsen på startkull, b) prosentdel som har fullført på normert tid pluss eitt år – altså fullført fire år etter at dei byrja – og c) prosentdel som har falt frå. Oversikta er sortert etter utdanningsinstitusjon og år for startkulla. Oversikta dekker dei som starta ei sjukepleiarutdanning i 2009, 2012, 2016 og 2019, og ho er basert på tal frå DBH. Tala i oversikta viser fullføring uavhengig av om dei har fullført ved same institusjon.


Som de kan sjå i vedlegget er fullføringsprosenten for sjukepleiarstudentar høgare enn fullføringsprosenten for studentar generelt, og de kan sjå at fullføringa på sjukepleiarutdanninga har gått opp dei siste ti åra. Trenden byrja før karakterkrava blei innførte og følger trenden for fullføring i høgare utdanning generelt. Det er òg viktig å ha i mente at fullføringsdel ikkje er det same som fullføring i absolutte tal, da sistnemnde avhenger både av størrelsen på startkulla og fullføringsdelen blant dei.

Merk at om ein summerer prosentdel for fullføring på normert tid pluss eitt år med prosentdel for fråfall vil ein få eit tal som er lågare enn 100. Resten fordeler seg mellom studentar som seinare har falle frå og studentar som seinare har fullført. Denne resten er ikkje stor, og eg vonar at oversikten framleis gir komiteen det han har ønska seg.

8. *Komiteen ber om en oversikt over avgangskarakterene til 9. årstrinn i 1992, og 10. årstrinn i 2002 og 2022 (gjennomsnitt/landsoversikt).*

Som uttrykk for avgangskarakterar forstår eg grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og gir grunnlag for opptak til vidaregåande skule. Departementet har henta inn tala frå Utdanningsdirektoratet. For 10. årstrinn i 2002 og 2022 var grunnskulepoenga høvesvis 43,4 og 43,4. For 2002 er dette henta frå Utdanningsdirektoratet sin publikasjon Utdanningsspeilet (utg. 2007) og for 2022 er talet henta frå statistikkbanken til direktoratet. Eg nemner samstundes at det har vore gjort endringar i utrekninga av grunnskulepoenga som gjer det vanskeleg å samanlikna på tvers av år. For 9. årstrinn i 1992 har ikkje Utdanningsdirektoratet tal for dette tilgjengeleg.

Med helsing



Oddmund Hoel

Dokumentet er godkjent elektronisk og påført statsrådens signatur